



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1883 - 19/21610

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.07.2019

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 134/657

Tiltak: Avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining
Byggjestad: Gbnr: 134/657
Tiltakshavar: Hilde Kristin Soltveit Hansen og Stig-Thomas Hindenes
Ansvarleg søker: Seim Bygg

Delegasjonssak nr.: 410/19

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for einebustad datert 24.06.2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg. Avkjørsla er plassert ved kommunal snuhammar.

Vurdering/drøfting:

Avkjørsle er plassert ved kommunal snuhammar. Denne plasseringa vil vere den beste løysinga då ein her får forsvarleg sikt i avkjørsle. Ved gbnr 137/668 er det etablert ei mur som står heilt ute i vegkanten. Muren gjer at det ikkje er mogleg å etablere avkjørsle til gbnr 137/657 i grensa mot gbnr 137/668.

Ved å plassere avkjørsle ved kommunal snuhammar vil ein få forsvarleg sikt i avkjørsla.

Det er ikkje teke stilling til mur i byggegrense mot veg. Vegavdelinga vil ta stilling til mur når dipensasjons-søknad ligg føre. Ein må også søkje dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett. Ved plassering av mur må ein ta omsyn til drift og vedlikehald av veglys og kabelskap. Det skal være mogleg å grave opp fundament til disse.

Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til avkjørsle under føresetnad om at avkjørsle vert bygd iht tekniske krav.

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg, for 1 bustadeining, på vilkår. Løyve



til avkjørsle er gitt med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart.
- Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld tilknytning til kommunal veg. Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova. Løyve til å etablere avkjørsle vert gitt av Byggesak.
- Teknisk drift har i dette vedtaket ikkje teke stilling til mur. Dispensasjon frå byggegrense mot veg vert handsama i eget vedtak når søknad ligg føre.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.